



Rambøll Norge As  
Postboks 427 Skøyen  
0213 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/9076 - 23/29575

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
29.04.2023

Løyve til breiddeutviding og utbedring av vegparti - dispensasjon -  
gbnr 316/1 Meland

**Administrativt  
vedtak:**

**Saknr: 402/23**

**Tiltakshavar:**

Vestland Fylkeskommune

**Ansvarleg søkjar:**

Rambøll Norge As

**Søknadstype:**

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

## **VEDTAK**

**Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF i kommunedelplan og reguleringsplan, samt byggegrense mot vassdrag jf. føresegn 1.6.1 i kommunedelplan, for breiddutviding av eksisterande fylkesveg. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.**

**Det vert gjeve løyve til breiddeutviding av eksisterande veg på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 07.12.2021 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.**

**Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.**

## **SAKSUTGREIING**

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om breiddeutviding av eksisterande fylkesveg. Det er vist til utviding på sju punkt. Desse tiltaka er vist i vedlegg «situasjonsplan fv5312 – tiltak 1-7».

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid som vist i innsendt dokumentasjon.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremål LNF i kommunedelplan for Meland, arealføremål LNF i reguleringsplan for Kv.1133 Myrvollane til Hestdal (plan-id: 125620180003), samt byggegrense mot vassdrag fastsett i kommunedelplan for Meland føresegn 1.6.1.

Det vert elles vist til søknad motteken 21.12.2022 og supplert 14.04.2023 og 27.04.2023.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Følgjande dokumentasjon vart etterspurt ved brev av 13.03.2023:

1. Saka har vore sendt på uttale til eksterne mynde. Det er komen tilbakemelding om at det er naudsynt om ytterlegare dokumentasjon i saka.

Ber om at desse uttalene vert svart ut med naudsynt dokumentasjon. Uttalene følgjer som vedlegg.

Sakshandsamingsfrist vert fryst fram til denne dokumentasjonen er sendt inn til kommunen.

Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søker 14.04.2023 og 27.04.2023. Dokumentasjon var vurdert som naudsynt for å ta søknad til handsaming jf. pbl.§21-7, ettersom den avklarar trygg byggegrunn jf. pbl.§28-1.

Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden. Fristen er 20.07.2023.

### **Planstatus**

Eigedom ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Meland sin arealdel er definert som LNF. Delar av tiltak ligg innanfor arealføremål LNF i reguleringsplan for Kv.1133 Myrvollane til Hestdal.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremål LNF i både kommunedelplan og reguleringsplan, samt byggegrense mot vassdrag i kommunedelplan.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

## **SØKNAD OM DISPENSASJONER**

### **1. Tema**

#### **Følgende dispensasjoner omsøkes i forbindelse med tiltaket:**

- Byggegrense mot vassdrag – kommuneplanens arealdel pkt. 1.6.1.
- Arealformål LNF – fra reguleringsplan, jf. § 5 pkt. 5.1, og kommuneplanens arealdel, jf. pkt.3.

### **2. Overordnet – rettslig vurderingstema**

I plan- og bygningsloven (pbl.) § 19-2 andre avsnitt stilles det vilkår om at dispensasjon ikke kan gis «dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt». Videre stilles det vilkår om at «[f]ordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene». Det er med andre ord to vilkår som må være oppfylt for at det skal kunne gis dispensasjon.

Det skal i tillegg legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet, jf. tredje avsnitt.

### 3. Byggegrense mot vassdrag – begrunnelse for dispensasjon

De ulike tiltakene har følgende minsteavstand til bekkefarene som går langs det aktuelle veipartiet:

- Avstand tiltak 1: ~ 15 m
- Avstand tiltak 2: ~ 8 m
- Avstand tiltak 3: ~ 1 m (mulig forlenging av dagens stikkrenne som krysser sør for tiltaket)
- Avstand tiltak 4: ~ 18 m
- Avstand tiltak 5: ~ 60 m
- Avstand tiltak 6: ~ 5 m
- Avstand tiltak 7: 0 m – forlenging av stikkrenne

Alle tiltakene, bortsett fra tiltak 5, befinner seg innenfor kommuneplanens byggegrense mot vassdrag på 50 m og krever derfor dispensasjon, jf. KPA pkt. 1.6.1.

Formålet med byggegrensen mot vassdrag er å sikre at det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i områdene som ligger langs vassdragene.

Bekkefarene i Grågotene går i bratt terreng og det er ikke registrert fisk i denne. Ved tiltak 3 går bekken i stikkrenne under/langs veien noe sør for tiltaket, og det kan bli aktuelt å forlenge denne langs den nye veiutvidelsen her. Ved tiltak 7 går det et bekkefar i stikkrenne under veien, og denne vil forlenges ved veiutvidelsen her. Tiltakene vil ikke ellers berøre bekkefarene, utover at det kan bli noe lokal forurensning av sediment og støv ved graving og sprenging i selve anleggsperioden. Det er imidlertid tale om forurensning fra stedlige masser, og vil kun være midlertidig under selve utførelsen av arbeidet.

De omsøkte tiltakene er nødvendige tiltak i tilknytning til samferdselsanlegg, men medfører en utvidelse av veiarealet noe inn på LNF-formål. I den anledning viser vi til at det i LNF-områder tillates en del tiltak innenfor byggegrensen mot vassdrag, slik som oppføring av bygninger, landbruksveier eller andre tiltak nødvendig for aktiv landbruksdrift, jf. KPA pkt. 1.6.6. For areal avsatt til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur med underformål, er byggegrensen satt til 0 meter, jf. KPA pkt. 1.6.3. Dette viser at det innenfor LNF-areal tillates visse tiltak som anses samfunnsnyttig, samt at hensynet til en trygg og funksjonell utforming av samferdselsanlegg anses så pass viktig at de kan oppføres 0 m fra vassdrag. Hensynene bak byggegrensen vil følgelig ikke vesentlig tilsidesettes dersom dispensasjon innvilges. Vi kan heller ikke se at en dispensasjon vil vesentlig tilsidesette hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser.

En dispensasjon for de aktuelle tiltakene vil etter vår vurdering medføre minimale ulemper for de nærliggende bekkefarene. Det er tale om beskjedne inngrep og den eventuelle forurensningen er midlertidig. Tiltakene oppføres i tilknytning til eksisterende veibane, og vil derfor ikke ha noen særlig påvirkning på natur- og kulturmiljø, friluftslivet, landskapet og andre allmenne interesser.

Det har klare samfunnsmessige fordeler ved å innvilge dispensasjon for de aktuelle tiltakene. Ved gjennomføringen av utbygging av fv5310 er fv5312 nødvendig å kunne benytte som beredskapsvei og omkjøringsvei, og en oppgradering og utvidelse av veien vil forbedre trafikksikkerheten. Det vil være fordelaktig både på kort sikt ved bruk av veien som beredskaps- og omkjøringsvei, og på lang sikt da man får en permanent utbedring av en ellers smal vei. Sikt og trafikkforholdene vil forbedres ved de aktuelle veiutvidelsene og møteplassene, noe som vil øke trafikksikkerheten vesentlig. Fordelene ved å innvilge den omsøkte dispensasjonen er følgelig klart større enn ulempene jf. § 19-2.

#### **4. Arealformål LNF – begrunnelse for dispensasjon**

Alt areal utenfor veibanen er avsatt til LNF-formål i reguleringsplan og kommuneplanens arealdel. Samtlige tiltak innebærer en utvidelse av veiarealet og krever derfor dispensasjon fra LNF-formålet.

Formålet bak LNF-formålet er å sikre at områder avsatt til landbruk, natur og friluft ikke benyttes til tiltak i strid med disse formålene, og tillater derfor kun nødvendige tiltak for landbruk og gårdsbasert næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag.

Det er ikke landbruksdrift langs tiltakene, men hovedsakelig skog og krattskog. De aktuelle tiltakene er ikke omfattende og vil utføres i umiddelbar tilknytning til eksisterende veibane, noe som medfører at de stedlige egenskapene kun vil påvirkes i mindre grad. Vi kan derfor ikke se at tiltakene vil vanskeliggjøre hensynene bak LNF-formålet for området for øvrig. Hensynene bak arealformålet vil følgelig ikke vesentlig tilsettes dersom dispensasjon innvilges. Vi kan heller ikke se at en dispensasjon vil vesentlig tilsette hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser.

En dispensasjon fra arealformålet vil påvirke kun en liten del av LNF-formålet, og kun arealet i umiddelbar tilknytning til eksisterende vegbane. Vi kan derfor ikke se at en dispensasjon fra LNF-formålet vil medføre særlige ulemper. Fremkommeligheten, siktforholdene og trafikksikkerheten vil totalt sett bedres. For øvrig viser vi til de klare fordelene ved de aktuelle tiltakene som er redegjort for under punkt 3 siste avsnitt. Fordelene ved å innvilge dispensasjon fra LNF-formålet er følgelig klart større enn ulempene jf. § 19-2.

Vilkårene for å dispensere fra byggegrensen mot vassdrag og arealformål *LNF* er etter dette oppfylt.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er henta inn slik uttale frå Statsforvaltaren i Vestland den 08.03.2023:

##### **Stasforvaltaren sine merknader**


Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Fleire av tiltaka ligg nært vassdrag, og tiltaka ligg innanfor sikringssone H190\_1 for Rylandsvassdraget, som er gitt varig vern som del av *Verneplan V for verna vassdrag i Noreg*.

Vi minner om plikt til å unngå forureining i § 7 i [forureiningslova](#). Det må ikkje førekomme avrenning til vassdraget, og det må utarbeidast ein plan for tiltak, om det er fare for avrenning av finpartiklar eller anna, i samband med utføring av tiltak.

Det ser ut som tiltaka vil føre til terrengingrep i form av skjeringar og fyllingar. Det er ikkje opplyst om prosjektet vil generer overskotsmassar og i kva omfang. Massehandtering skal vere i tråd med avfallspyramiden. Kommunen må vurdere å stille krav om ein massehandteringsplan. Det må også vurderast korleis tiltaka vil påverke landskapet.





Stasforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Det ligg føre slik uttale frå NVE datert 10.03.2023:

Vi viser til brev datert 10.02.2023 med høyring av dispensasjonssøknad. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-område i kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan, samt byggegrense mot vassdrag for å breiddeutvide fv.5312 på sju plassar.

#### **Om NVE**

NVE er mynde for nasjonale og vesentlege regionale interesser knytt til tryggleik mot flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, samt anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE skal hjelpe kommunane med å førebygge skader frå naturfarar og overvatn ved å bygge opp og legge til rette for eit godt kunnskapsgrunnlag, og gi rettleiing.

#### **NVE sitt fokus i samband med vegplanlegging**

Ved førebygging av ulukker som følgje av skred, flaum og erosjon legg NVE til grunn at Fylkeskommunen sjølv syter for tilstrekkeleg tryggleik mot eigne vegar, t.d. gjennom bruken av akseptkriterium for skred mot veg. I vår medverknad i høve tryggleik mot skred, flaum og erosjon vil vi fokusere på at veganlegget ikkje må føre til at byggverk, byggegrunn og tilstøytane terreng ikkje vert utsett for fare, skade eller vesentleg ulempe som følgje av tiltaket, jf. byggeteknisk forskrift (TEK17) § 7-1 andre ledd.

#### **NVE si konkrete fråsegn**

Saka omfattar sju ulike tiltaksområde langs fv. 5312 som ligg i aktsemdsområde for snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred. Tiltak nr. 7 ligg delvis under marin grense noko som betyr at det kan vere fare for områdeskred av kvikkleire.

Vestland fylkeskommune har definert at vegen har eit tryggleikskrav på 1/20 utløyst av ÅDT (årsdøgntrafikk) i medhald av N200. Den reelle fara for snøskred, steinsprang, kvikkleireskred, jord- og flaumskred er avklart i notat *Redegjørelse skred og flom* datert 13.02.2023. Vestland fylkeskommune har vurdert kva sikringstiltak som er naudsynte for å sikre tilstrekkeleg tryggleik ved dei ulike utvidingane. Det er og skildra korleis ein skal unngå framtidig erosjonsproblematikk ved tiltak 3. NVE har ingen merknader til vurderingane.

I område med ustabile grunnforhold må de dokumentere at vegbygginga ikkje skal påverke områdestabilitet. Ved kryssing av bekker og vassdrag må tilstrekkeleg kapasitet på bruer og kulvertar dokumenterast for å hindre vatn på avveggar i flaumsituasjonar.

De kan ta kontakt med NVE dersom de treng konkret hjelp i saka.

Alver kommune ved avdeling for samferdsel, veg-, vatn-, og avløp- forvaltning har ingen merknadar i saka.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 07.12.2021 samt kart over tiltak 1-7.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0 meter. Eigar av gnr.316 bnr. 25 har i dokument datert 16.12.2022 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrensa. Eigar av gnr.314 bnr.7 har samtykka til at tiltak vert plassert nærmare felles nabogrense enn 4 meter i dokument datert 17.11.2022.

Tiltaket er plassert i strid med byggegrense mot vassdrag i plan.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal projekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg sækjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak.

Ansvarleg sækjar har lagt ved ytterlegare dokumentasjon etter uttale frå NVE bad om utgreiing av grunnforhold m.m. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket. Dokumentasjon ligg vedlagt løyvet.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompensere for ulemper dispensasjonen kan medføre.

### **Dispensasjon frå arealføremål LNF i kommunedelplan og reguleringsplan**

Dispensasjon frå arealføremål LNF vert vurdert samla for dei to ulike plangrunnlag, ettersom føremålet og tiltaket er det same.

Det går fram av pbl.§11-7 nr.5 og pbl.§12-5 nr.5 at arealføremål LNF syner til tiltak som er naudsynte for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag.

Vidare går det fram av Ot.prp.nr.32 (2007-2008) s.215 at arealføremålet dekkjer områder som skal nyttast til å sikre landbruksproduksjon, eller bli liggjande som naturområde med spesiell betyding for friluftslivet. Dette er areal som i det vesentlege skal vere ubygd, eller berre bygd ut i tilknytning til landbruk og reindrift.

I førearbeidet er det vidare presisert at det er ein føresetnad at gardstilknytt næringsverksemd kjem som eit tillegg og supplement til ei elles igangverande landbruksdrift, og at det er denne som er hovudverksemda på arealet/eigedomen.

Det er på det reine at tiltak ikkje er i samsvar med aktiv gardsdrift. Spørsmålet er først om tiltak sett arealføremål LNF vesentleg til side, jf. pbl.§19-2.

Det vert, som ansvarleg søker viser til, lagt vekt på at landsbruksområdet langs veg i stor grad er skog og kratt. Tiltak er vidare utført i tilknytning til eksisterande veg, som medfører at stadlege eigeskapar i mindre grad vert påverka. Det er ikkje vurdert at omsyn vert sett vesentleg til side som følgje av tiltak.



Spørsmålet er vidare om fordelane med tiltak er klårt større enn ulempene, jf. pbl.§19-2.

Tiltak tek sikte på å utbetre eksisterande fylkesveg. Tiltak vil følgjeleg betre infrastruktur, som er generelt tenleg for befolkninga. Fordel er vurdert å vere av ein allmenn og generell karakter. Dette talar for dispensasjon.

Som vist til ovanfor, er det vidare vurdert at tiltak ikkje medfører særlege ulemper for arealføremålet. Det er ikkje tale om å etablere tiltak på dyrka mark eller liknande, og tiltak er vidare tilknytt eksisterande vegbane. Dette er vurdert som positivt.

Etter ei samla og konkret vurdering har kommunen vurdert at fordelane med å gje dispensasjon frå arealføremål LNF er klårt større enn ulempene.

Dispensasjon frå arealføremål LNF vert innvilga.

### **Dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag**

Det går fram av føresegn 1.6.1 i kommunedelplan for Meland at byggegrense mot vatn og vassdrag er sett til 50 meter. Føremål bak byggegrense mot vassdrag kan koplast mot overordna omsyn i pbl.§1-8. Det går her fram at byggegrensa skal sikre at det vert tatt særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Spørsmålet er først om omsynet med byggegrensa vert sett vesentleg til side som følgje av tiltak, jf. pbl.§19-2.

Det vert her lagt særleg vekt på at det er tale om å utvide eksisterande fylkesveg. Tiltak er ikkje vurdert til å medføre negativ verknad sett mot kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser. Når det kjem til spørsmål om natur og miljø, er det opplyst av ansvarleg søkjar at tiltak vil ha minimal ulempe for bekkefaret. Det er opplyst at det kan bli noko forureining av sediment og støv i anleggsperioden, men at dette vil vere frå stadlege masser.

Det er ikkje vurdert at omsyn bak byggegrense vert sett vesentleg til side som følgje av tiltak.

Spørsmålet er vidare om fordelane ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene, jf. pbl.§19-2.

Dei ulike tiltaka er opplyst med følgjande avstand til vassdrag:

- Avstand tiltak 1: ~ 15 m
- Avstand tiltak 2: ~ 8 m
- Avstand tiltak 3: ~ 1 m (mulig forlenging av dagens stikkrenne som krysser sør for tiltaket)
- Avstand tiltak 4: ~ 18 m
- Avstand tiltak 5: ~ 60 m
- Avstand tiltak 6: ~ 5 m
- Avstand tiltak 7: 0 m – forlenging av stikkrenne

Dette inneber at alle tiltak, for utan om tiltak nr. 5, er i strid med byggegrensa.

Som vist til under vurdering av dispensasjon frå arealføremål LNF vert det lagt særleg vekt på at det er tale om eit tiltak som vil betre infrastruktur, og medføre stor nytte for ålmenta. Dette taler klart for å gje dispensasjon.

Ansvarleg søkjar viser vidare til føresegn 1.6.3 som opnar for at tiltak kan etablerast 0 meter frå vatn der arealføremål er sett til samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur. I den konkrete saka ligg tiltak innanfor arealføremål LNF. Det er jamvel tale om eit tiltak som går på infrastruktur. Dette viser i eit meir overordna syn at denne typen tiltak er vurdert til å vere unntatt frå byggegrense mot vatn og vassdrag, under føresetnad at det er i samsvar med arealføremål. Denne tolkinga av føresegn 1.6.3 kan indikere at infrastruktur er ein type tiltak som i større grad er tillat i nærleik til vassdrag. Dette indikerer at vernet av byggegrensa ikkje bør tolkast for restriktivt for denne typen tiltak som er sikta mot samfunnsutvikling og ålmenta sine interesser.

Efter ei samla og konkret vurdering har kommunen vurdert at fordelane med å gje dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag er klart større enn ulempene.

Dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag fastsett i kommunedelplan for Meland føresegn 1.6.1 vert innvilga.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønne gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/9076**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Situasjonsplan fv5312 - med arealformål.pdf  
Situasjonsplan\_Oversikt\_alle-tiltak\_ortofoto\_med\_beskrivelse.pdf  
Situasjonsplan fv5312 - tiltak 1-7.pdf  
TegningNyPlan\_tiltak 1 og 2 - 001\_oversikt\_tiltaksnr.pdf  
TegningNyPlan\_tiltak 2, 3, 4, 5 og 6 - 002\_oversikt\_tiltaksnr.pdf  
TegningNyPlan\_tiltak 4, 5, 6 og 7 - 003\_oversikt\_tiltaksnr.pdf  
TegningNyttSnitt - U001.pdf

### **Mottakarar:**

Rambøll Norge As

Postboks 427 0213

OSLO

**Mottakarar:**

Vestland Fylkeskommune      Skøyen      5020      BERGEN  
Postboks 7900